



Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
2008 216	Dokument: 208
13 MAI 2008 ASR/SEB	
IAA	Arkiv: 479
RE:	ASR:

**HØYRING - ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG  
JORDLOVA - BESTEMMELSER OM BU- OG DRIVEPLIKT M.M.**

Formannskapet i Tysvær behandla høyring – endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova m.m. i møte den 29.04.2008.

Saksutgreiing og vedtak følgjer vedlagt.

Med helsing

Bjørn Bruaset  
Jordbrukssjef

VEDLEGG

Dato:19.03.2008  
Saksnr.:2008/400  
Løpenr.:6116/2008  
Arkiv:V00  
Sakshandsamar: Bjørn Bruaset

## UTTALE TIL HØYRING - ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA - BESTEMMELSER OM BU- OG DRIVEPLIKT M.M.

Saksnr	Utval	Møtedato
	Utval for kommuneutvikling	
	Formannskapet	

### SAKSUTGREIING:

#### Innleiing og faktaopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova. Høyringsnotatet, som er over 80 sider er lagt ut på <http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/Horinger.html?id=1994>  
Høyringsfristen er 5. mai 2008. Forslaga tar sikte på å oppnå større forutsigbarhet, betre målretting og forenklingar. Dei fleste forslaga gjeld reglane om bu- og driveplikt, men det blir og foreslått endringar i konsesjonsplikta og odelsrettens omfang og i reglane om forhold som er av betydning for om konsesjon skal gjevast. Nedanfor er tatt med samandrag av forslaga. Landbruks- og matdepartementet foreslår:

- At vilkåra om buplikt etter odelslova i hovudsak flyttast til konsesjonslova, og at vilkåra om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova flyttast til jordlova.
- At buplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 25 dekar dyrka mark, eller over 350 dekar produktiv skog.
- At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensa på 100 dekar totalareal som i dag.
- At kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog.
- At det blir eit spørsmål om arealgrenser når det skal takast stilling til om det oppstår buplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil sei at det verken etter konsesjonslova eller odelslova skal gjerast ei konkret vurdering av om eigedomen er ein "jord- og skogbrukseigedom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".
- At den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje konsesjon, dvs. at høvet til å søkje fritak frå buplikt fell bort, og at det gis nærare reglar for konsesjonsvurderinga i desse tilfella.
- At det gis nærare reglar for vurderinga av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon.
- At buplikta berre kan oppfyllast ved at eigaren blir registrert i folkeregisteret som busett på eigedomen.
- At driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønnsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overdraging, og vera varig.
- At slektskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense.

Departementet ber også om synspunkt på om det bør innførast buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom. Ut over dette inneheld høyringsnotatet forslag til endringar i forskriftsverket, m.a innføring av krav til kommunens saksutgreiing ved prisvurdering etter konsesjonslova.

Departementet meiner reglane om lovbestemt buplikt bør innrettast slikt at dei i større grad kan bidra til at busettingspotensialet på landbrukseigedomar blir utnytta.

### **Kommentarar:**

Reglane om omfanget av odelsretten, konsesjonsplikt, bu- og driveplikt har vore og er ein sentral del av lovverket i landbruket, og har betydning for gjennomføring av landbrukspolitikken. Reglane skal ivareta målsetjingar om å sikre produktive jordbruksareal, rasjonell og bærekraftig landbruksdrift, busetnad, kulturlandskap m.m.

Departementet skriv at forslaga tar sikte på å oppnå større forutsigbarhet, betre målretting og forenklingar. Odelslova, konsesjonslova og jordlova har reglar som delvis grip inn i kvarandre. Etter rådmannen si vurdering er det uoversiktlig å ha tre lovar som regulerer eigar- og driftsforhold i landbruket. Med departementet sitt forslag ser dette ut til å bli forsterka. Rådmannen trur ei samanslåing av dei tre lovane, eller i det minste jordlova og konsesjonslova, vil gi ein vesentleg strukturgevinst for lovgjevar, publikum og forvaltning.

Innføring av arealgrense aleine (bebyggt eigedom over 25 dekar dyrka mark, eller over 350 dekar produktiv skog) som grunnlag for buplikt og odlingsjord kan vera ei forenkling. Dyrka mark er her definert som summen av fulldyrka og overflatedyrka jord. Innmarksbeite, som er den tredje typen jordbruksareal, er ikkje tatt med. Forslaget vil medføre at ikkje få eigedomar på Vestlandet, der det er relativt stort innslag av innmarksbeite, vil bli unntatt driveplikt og odel.

Bestemmelsen om driveplikt er foreslått lagt til jordlova. Det er foreslått at grunnlaget for driveplikta skal vera at jordbruksarealet (summen av fulldyrka jord, overflatedyrka jord og gjødsla beite =innmarksbeite) skal kunna drivast lønnsamt. Dette, samanhalde med forslag til 25 dekar dyrka mark m.m. som grunnlag for buplikt og odelsjord, kan gi uheldige verknader. Ein verknad kan bli at det til ein eigedom (ut frå arealstorleik og type jordbruksareal) blir knytt krav om driveplikt, men ikkje buplikt. Dette vil opne for passivt eigarskap, spekulasjon og bruk av fleire landbrukseigedomar til fritidsføremål.

Innføring av konsesjonsplikt for den som ikkje kan eller vil oppfylle buplikta kan bli eit framsteg, dersom dei varsla reglane for konsesjonsvurderinga blir handfaste nok. Handfaste kriterier med klare rammer for utøving av skjønn, kan bidra til større grad av forutsigbarhet og lik behandling.

Erfaringsmessig er særleg søknader som gjeld buplikt og driveplikt ressurskrevjande for kommunen. Av omsyn til publikum og ressursbruk i kommunen bør lovgrunnlaget med eventuelle tilhøyrande reglar gi klare kriterium for når pliktene oppstår, og klare kriterium og ramer for behandling av søknader om konsesjon/fritak.

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Formannskapet i Tysvær kommune har merka seg dei framlagte forslaga til endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova. Formannskapet oppfattar det som uoversiktlig å ha tre lovar som regulerar eigar- og driftsforhold i landbruket, og ber departementet vurdere samanslåing.
2. For øvrig viser formannskapet til kommentarar i saksframstillinga.

Arvid S. Vallestad  
rådmann

Bjørn Bruaset  
jordbrukssjef

## **BEHANDLING I FORMANNSKAPET -29.04.2008**

Følgjande framlegg frå Frp fekk 4 røyster og fall:

Nye pkt:

Formannskapet i Tysvær har følgjande merknader til forslag til endringar i Odels- konsesjons og jordlova:

- Det er uheldig med 3 lovar som regulerer eigar- og driftsforhold i landbruket og kommunen ber derfor om at det blir vurdert å slå desse lovane saman.
- Kommunen ber også om at det blir vurdert å oppheve dei begrensingar som legger i jordloven og som hindrar effektiv drift av jord og skogbruk.
- Oppheve konsesjonsgrensar ved husdyrhald, men ikkje tillate høgare dyreantall enn det brukets disponible spreieareal tilseier.

Formannskapet vedtar med 5 røyster følgjande framlegg frå Sp:

Nytt pkt. 2:

Arealgrensa for buplikt og krav til odlingsjord bør setjast til same grensa før buplikt oppstår – 25 da dyrka og 100 da total areal.

Rådmannen sitt Pkt. 2 blir nytt pkt. 3.

Formannskapet vedtar med 5 røyster rådmannen sitt framlegg til pkt. 1 og Sp sitt endringsframlegg til pkt. 2 og 3.

## **VEDTAK I FORMANNSKAPET -29.04.2008**

1. Formannskapet i Tysvær kommune har merka seg dei framlagte forslaga til endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova. Formannskapet oppfattar det som uoversiktlig å ha tre lovar som regulerar eigar- og driftsforhold i landbruket, og ber departementet vurdere samanslåing.
2. Arealgrensa for buplikt og krav til odlingsjord bør setjast til same grensa før buplikt oppstår – 25 da dyrka og 100 da total areal.
3. For øvrig viser formannskapet til kommentarar i saksframstillinga.